
Saknr: 2020/40267-2
Saksbehandlar: Erlend Hofstad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

Forslag til freding av Salhus Tricotagefabrik, Bergen kommune. Høyringsfråsegn

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til fredingsforslaget for Salhus Tricotagefabrik.

Samandrag

Riksantikvaren har sendt på høyring eit forslag til fredingsvedtak for Salhus Tricotagefabrik i Bergen kommune. Fabrikkanlegget, som i dag til størstedelen huser Norsk trikotasjemuseum, er eitt av 15 større industrianlegg i Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne. Fredinga vil sikre kulturminneverdiane og dei store ressursane som samfunnet har investert i istandsettinga. Fredingsforslaget omfattar heile bygningsmassen til fabrikkens samt sosiale funksjonar i nærområdet. Fylkesrådmannen sluttar seg til fredinga og vurderer Salhus Tricotagefabrik som eit godt bevart, heilskapleg og representativt industrianlegg med nasjonal verdi som kulturminne. Fredinga vil ikkje vera i konflikt med brukar- eller samfunnsinteresser. Vestland fylkeskommune eig ein del av fabrikkanlegget. Fredinga vil ikkje føre til vesentlege endringar for fylkeskommunen som eigar.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Fredingsforslag Salhus Tricotagefabrik
- 2 Freda inventar Salhus Tricotagefabrik
- 3 Kulturminnedokumentasjon Salhus Tricotagefabrik

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Salhus Tricotagefabrik var i drift frå 1859 til 1989. Tekstilindustrien er ein viktig del av norsk nærings- og industrihistorie, og historia til Salhus Tricotagefabrik er representativ for utviklinga i bransjen. I samband med nedlegginga vart Salhus vald ut som den staden som best representerte den vestnorske tekstilbransjen og for etablering av det som i dag er Norsk Trikotasjemuseum. I dag huser fabrikkbygningane Norsk Trikotasjemuseum og Bevaringstenestene, ei felles konserverings- og bevaringsteneste for musea i fylket. Båe er avdelingar i Museumssenteret i Hordaland.

Fabrikken er eitt av 15 større industrianlegg som inngår i Riksantikvarens bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminne og mottek tilskot til istandsetting, forvaltning, drift og vedlikehald. I samband med overføring av oppgåver til fylkeskommunane i 2020 vart det bestemt å freda dei anlegga i bevaringsprogrammet som ikkje var freda. Fredingane skal sikra kulturminneverdiane og dei store ressursane som samfunnet har investert i istandsettinga av desse anlegga. Dette er bakgrunnen for at Riksantikvaren har utarbeidd fredingsforslaget som no er på høyring.

Fredingsforslaget omfattar heile bygningsmassen til Salhus Tricotagefabrik samt tilstøytande funksjonar som badeplass, leikeplass, skulehus, arbeidar- og disponentbustader, og opparbeida stiar, murer, gjerder og rekkverk i området. Det er 26 bygningar som er omfatta av fredinga. For dei fleste gjeld fredinga berre eksteriøret, men i delar av fabrikkkanlegget er også interiøret foreslått freda, inkludert fast og større løyst inventar. Dette utgjer ei tilnærma komplett bevart produksjonslinje frå ull til ferdig produkt. For å ta vare på verknaden av dei freda kulturminna i miljøet, vert det foreslått ei områdefreding av areala rundt bygningane.

Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderinga av Salhus Tricotagefabrik som eit verdifullt kulturminne med nasjonal kulturminneverdi. Det utgjer eit godt bevart, heilskapleg og representativt industrianlegg der både fabrikkbygningar, produksjonslinje og bygningar for støttefunksjonar er bevart, omgjeven av tettstaden som vaks fram saman med fabrikkene. Freding av anlegget vert vurdert som ein naturleg konsekvens av at det er omfatta av bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Fredinga inneber langt på veg ei formalisering av dagens reelle forvaltingsstatus. Det er då ei riktig prioritering at fredinga vert omfangsrik, slik at heile fabrikkkanlegget, med dei kulturhistorisk mest verdifulle interiøra med tilhøyrande produksjonsutstyr, vert varig verna. Det er òg ein styrke ved fredingsforslaget at det omfattar dei næraste omgjevningane til sjølve fabrikkkanlegget. Dei ligg rett sør for sjølve fabrikkene og dannar saman med denne eit heilskapleg miljø, og dei illustrerer den nære historiske samanhengen mellom fabrikkene og tettstaden.

Fredinga vil ikkje vera i konflikt med brukar- eller samfunnsinteresser. Anlegget er i god stand. Størstedelen er i bruk som Norsk trikotasjemuseum, med oppgåve å formidla historia til den norske tekstilindustrien. Det er soleis fullt samsvar mellom bruken og formålet med fredinga. For mange av bygningane vert det foreslått at fredinga berre gjeld eksteriøret, og det gir meir friheit til å imøtekomma skiftande bruksbehov. Fredinga vil soleis ikkje vera til hinder for bruken av anlegget. Heile fredingsområdet er regulert til bevaring i gjeldande reguleringsplan.

Vestland fylkeskommune er eigar av ein del av fabrikkkanlegget, gbnr. 177/353 med fabrikkbygg frå 1913 og varemottak frå 1959. Fylkeskommunens bygningsmasse vert i dag handsama etter antikvariske retningsliner, i samråd mellom Eigedomsavdelinga og Seksjon for kulturarv, og ei freding vil difor ikkje føra til vesentlege endringar for fylkeskommunen som eigar. Bevaringstenestene held til i denne delen av fabrikkkanlegget. Fredinga vil ikkje vera i konflikt med dei omsyn som konserveringsverkstader og magasin for kulturhistoriske gjenstandar krev (inneklimate, tilkomst, tryggleik mm).

Vedtakskompetanse

Jf. Reglement for folkevalde organ og delegering, delegering etter særlov, pkt. 14, kulturminnelova § 22, har Hovudutval for kultur, idrett og integrering mynde til å gje uttale i saker om endeleg freding.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til forslaget om freding av Salhus Tricotagefabrik og ser ikkje grunnar for å justera fredingsomfanget eller gjera andre endringar i fredingsforslaget.